




HERØY
kommune

Planstrategi 2024–2027

Vedteken i K-sak 73/24
Vedtaksdato: 20.06.24



EI BÅTLENGD FØRE

Innhold



1.0 Føremål med kommunal planstrategi	3
1.1 Prosess	3
2.0 Rammer og føringar for arbeidet	4
2.1 Berekraftmåla	6
2.2 Nasjonale forventningar 2023-2027	7
2.3 Forventningsbrev 2024	9
2.4 Regional planstrategi	10
2.5 Fylkesplan	10
3.0 Plan og styringssystemet i Herøy kommune	12
3.1 Evaluering av førre planstrategi	14
4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringar i Herøy kommune	15
4.1 Demografisk utvikling i Herøy kommune	16
4.2 Næringsliv og kompetanse	24
4.3 Areal, miljø og klima	30
4.4 Levekår og folkehelse	37
4.5 Kommunale tenester i Herøy kommune og organisasjon	41
5.0 Planoversikt	48
6.0 Kjelder	53

1.0 Føremål med kommunal planstrategi

Planstrategien er eit overordna styringsverktøy som skal slå fast kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i åra 2024–2027. Kommunestyret er etter plan- og bygningslova §10-1 pålagt å vedta ein kommunal planstrategi seinast eit år etter det nye kommunestyret har konstituert seg.

Planstrategien gir retningslinjer for tiltak knytt til plan og utvikling i kommunen. Strategien skal innehalde drøfte av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som

- arealbruk
- miljøutfordringar
- dei ulike sektorane si verksemd
- kommunen sine planbehov i valperioden

Planstrategien er ikkje ein plan med mål og strategiar, men eit overordna styringsdokument som vi brukar for å vedta kva planoppgåver kommunen skal starte opp eller rullere – altså revidere – den komande perioden. Strategien skal sikre overordna planlegging og ta føre seg utfordringane kommunen kjem til å møte. Planstrategien skal ta omsyn til samfunnsutvikling, klimaendringar, miljøutfordringar, folkehelse og utfordringar i tenesteytinga.

Vi sikrar medverknad i planstrategien gjennom å legge han ut til offentleg ettersyn. Det er eit krav om å innhente synspunkt frå statlege og regionale styresmakter og frå nabokommunar i arbeidet med planstrategien. Dette blir gjort i perioden med offentleg ettersyn. Arbeidet med planstrategien skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig.

1.1 Prosess

Arbeidet med planstrategien starta hausten 2023, og har vore leia av samfunnsplanleggaren i kommunen. Hausten 2023 vart dokumentet “Kunnskapsgrunnlag for Herøy kommune” utarbeidd som eit grunnlag for arbeidet med planstrategien. Kunnskapsgrunnlaget er ei samling av statistikk, data og viktige utviklingstrekk for Herøy kommune. Eit felles kunnskapsgrunnlag for kommunen er nyttig når vi

skal diskutere utfordringar og moglegheiter. Prosessen med å utvikle kunnskapsgrunnlaget føregjekk parallelt med utarbeidinga av folkehelseoversikta.

Samfunnsplanleggaren og folkehelsekoordinatoren har derfor samarbeidd tett og kontinuerleg, og mykje av dataane i kunnskapsgrunnlaget er henta frå folkehelseoversikta. Det blei starta opp eit kommunalt planforum i forbindelse med arbeidet med planstrategien. Kommunedirektøren, kommunalsjefane, leiaren for avdeling utvikling og folkehelsekoordinatoren har då vore tett kopla opp mot arbeidet med planstrategien.

2.0 Rammer og føringar for arbeidet

Dette seier plan- og bygningslova om kommunal planstrategi i § 10-1:

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.


Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.”

Lova seier altså at kommunestyret skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi for kvar valperiode. Kommunane skal legge den regionale planstrategien

til grunn for sin kommunale planstrategi. Planstrategien skal også ta utgangspunkt i nasjonalt forventningsbrev, FN sine berekraftsmål, kommunen sitt kunnskapsgrunnlag og folkehelseoversikta til kommunen.

Dei nasjonale forventningane er retningsgjevande, og må sjåast i samanheng med andre føringar. Kommunen skal etter lov om folkehelsearbeid §5 utarbeide ny folkehelseoversikt kvart fjerde år. Oversikta skal vise helsetilstanden i kommunen og identifisere faktorar som påverkar innbyggjarane si helse. Utfordringar i folkehelseoversikta skal drøftast i kommunen sin planstrategi.



2.1 Berekraftsmåla

For å drive berekraftig kommunal planlegging skal kommunane bruke FN sine berekraftsmål som utgangspunkt (Statsforvaltaren, 2024). Berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. Denne felles arbeidsplanen skal utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. FN sine berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn (FN, 2024).

Måla er demokratisk utarbeidde, med innspel frå land over heile verda og frå omtrent ti millionar menneske. Dei bygger vidare på tusenårsmåla, men er utforma for å konkret gjere noko med årsakene til fattigdom, ulikskap og klimaendringar. Eit av hovudprinsippa er at ingen skal bli utelatne, dei mest sårbare skal bli prioriterte. Menneske med nedsett funksjonsevne, flyktningar, etniske og religiøse minoritetar, jenter og urfolk er eksempel på ekskluderte grupper (FN, 2023).

Berekraftsmåla har stor innverknad på norsk politikk, både i kommunar, lokalsamfunn og nasjonalt. Noreg har oppfylt fleire av måla, men det står likevel igjen mykje arbeid. Måla Noreg ligg dårlegast an til å oppnå, er berekraftsmål 2 (utrydde svolt), 12 (ansvarleg forbruk og produksjon), 13 (stoppe klimaendringane) og 15 (livet på land). Eit av problema er at Noreg ofte prioriterer å utnytte naturen sine ressursar, framfor å verne økosystema og naturmangfaldet (jamfør berekraftsmål 15). I tillegg eksporterer vi mykje olje og gass (jamfør berekraftsmål 13), kaster mykje elektronisk utstyr (jamfør berekraftsmål 12), og et mykje kjøtt som gir høge metanutslepp (jamfør berekraftsmål 2) (FN, 2023).



FN sine bærekraftsmål



Figur 1. FNs bærekraftsmål (FN, 2023).

2.2 Nasjonale forventningar 2023–2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei bærekraftig utvikling i heile landet. Forventningane skal følgast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane.

Føremålet med dei nasjonale forventningane er å etablere eit felles grunnlag for fylkeskommunane, kommunane og statlege styresmakter, ha effektive og målretta planprosessar og unngå unødige motsegner. Forventningane er retningsgjevande og formidlar ikkje alle nasjonale mål, oppgåver og interesser som planlegginga skal vareta. Forventningane må derfor sjåast i samanheng med aktuelle lover, forskrifter, meldingar til Stortinget og rundskriv.

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg bærekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I tillegg forventar regjeringa at kommunane legg til rette for trygge, bærekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteinar i ei bærekraftig utvikling, og det er viktig å motverke sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er også avgjerande for å

sikre matproduksjonen og at jordbruksareala blir haldne i drift (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023).

I dei nasjonale forventningane for 2023–2027 legg regjeringa vekt på fem fokusområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Noreg har gode føresetnader for å nå mange av berekraftsmåla innan 2030, men har framleis utfordringar med å nå måla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. Desse utfordringane må fylkeskommunane og kommunane løyse gjennom planlegginga.

Regjeringa kjem med heile 72 forventningar til den regionale og kommunale planlegginga, men er tydelege på at det er viktig å tilpasse forventningane til region eller kommune, planbehov og dei gjeldande utviklingstrekk. Det blir trekt fram at vekst og utvikling av tettstader er viktig, at vi står ovanfor ei aldrande befolkning som vil gi nye utfordringar knytt til pleiebehov og redusert arbeidskraft då ein stor del av befolkninga er aldrande. Det blir også lagt vekt på å sjå forventningane i ein heilskap og ikkje bli for detaljorientert. Forventningane må tilpassast utfordringar, utviklings- og planbehovet til kommunen.

2.3 Forventningsbrevet 2024

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sende ut *Forventningsbrevet 2024: Nasjonale forventningar til kommunane* i starten av 2024. Forventningsbrevet legg vekt på at det er viktig å forstå tida vi er inne i no, og at det er viktig å vere bevisst dei store rammene. Vi står ovanfor eit utfordringsbilde med klimaendring og tap av natur, det er krig i Europa og Midtausten, vi får mange flyktningar til landet og fattigdomen og utanforskapet stig. Kommunane har ein strammare økonomi, befolkninga blir eldre, vi har mangel på folk og kompetanse og usikkerheita rår på fleire område. Vi må bu oss på endringar i mykje, og vi må ta stilling til kunstig intelligens (KI) som både kan vere ei utfordring og ei moglegheit.

For å møte dette komplekse utfordringsbildet blir det stilt forventningar til

- berekraftig kommunal planlegging
- kommuneøkonomien
- tenestetilbod til barn og unge
- gode helse- og omsorgstenester
- ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk
- berekraftig landbruksforvaltning
- samfunnstryggleik og beredskap

Berekraftig kommunal planlegging og interkommunale samarbeid er viktigare enn nokon gong. Det blir forventa at kommuneøkonomien blir tilpassa verksemda slik kommunane kjem i økonomisk balanse. Kommunane skal samtidig gi eit godt og samordna tenestetilbod til alle barn og unge. Dei skal bli sette, høyrde og møtte. Kommunane har ansvar for å gi individuelt vurderte helse-, sosial- og omsorgstenester til alle innbyggjarane. Det blir forventa at kommunane ikkje bygger ut areal med store karbonlager som skog og myr, og at naturmangfaldet blir teke vare på. Kommunane skal ha ei berekraftig landbruksforvaltning, og kommunane har også eit omfattande ansvar for å forebygge og handtere kriser.

2.4 Regional planstrategi

Regional planstrategi er eit felles styringsverktøy for kommune, fylke, stat, næringsliv og frivilligheit. Målet er at desse aktørane saman skal oppnå ei ønskt utvikling i fylket. Plan- og bygningslova §7-1 seier at alle fylkeskommunar skal utarbeide ein regional planstrategi for kvar fylkestingsperiode.

Regional planstrategi er fylkeskommunen sitt overordna plandokument og går gjennom utfordringane og moglegheitene for Møre og Romsdal, og kva planbehov dei gjev.

Regional planstrategi for 2025–2028 er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane: den miljømessige dimensjonen, den sosiale og kulturelle dimensjonen og den økonomiske dimensjonen. Planstrategien sine langsiktige utviklingsmål, som også er forankra i Fylkesplan for Møre og Romsdal, er bygde opp rundt berekraftsdimensjonane slik:

- *Samarbeidsfylket:* Møre og Romsdal skal bli god på regionbygging og samarbeid. (berekraftsmål nr. 17, samarbeid for å nå måla)
- *Miljøfylket:* Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane. (den miljømessige dimensjonen)
- *Inkluderings- og kompetansfylket:* Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu. (den sosiale og kulturelle dimensjonen)
- *Verdiskapingsfylket:* Møre og Romsdal skal ha eit konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor. (den økonomiske dimensjonen)

2.5 Fylkesplan

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2025–2028 er utarbeidd av fylkeskommunen for å svare på behova og utfordringane som kjem fram i Regional planstrategi. Planen inneheld 17 mål for fylket, sortert under samarbeidsfylket, miljøfylket, inkluderings- og kompetansfylket og verdiskapingsfylket. Desse måla legg igjen føringar for arbeidet med den kommunale planstrategien for Herøy kommune.



Foto: Svein Arne Orvik

3.0 Plan- og styringssystemet i Herøy kommune

For mange kommunar er det naturleg å nytte planstrategiarbeidet til å gjere nyvalde politikarar kjende med kommunen sitt plansystem og den gjeldande kommuneplanen. Det vil også gi kommunestyret anledning til å drøfte behovet for endringar i kommunen sine planar.

Plansystemet er til for å setje kommunepolitikken i system, og deretter setje den i verk gjennom ulike tiltak i økonomiplanar og verksemdplanar. Herøy kommune legg opp til eit hierarkisk plansystem der kommuneplanen definerer dei overordna måla for utviklinga. Desse måla skaper ein raud tråd for andre underliggande planar. Ved å ha eit plansystem der kvar enkelt plan er forankra i kommuneplanen og føringane som ligg i den, har vi eit godt grunnlag for å drive ei heilskapleg samfunnsutvikling som tek vare på ulike oppgåver og interesser.

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for kommunen, og skal gje langsiktige føringar for den kommunale verksemda og utviklinga i kommunen. Økonomiplanen skal bidra til at ressursane blir nytta på best mogleg måte og at tenestetilbodet blir tilpassa utviklinga i behovet til innbyggjarane og inntektsrammene. Prioriteringar i budsjettet skal vere forankra i økonomiplanen, som igjen skal vere forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Herøy kommune vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel i 2022, og arealdelen vart vedteken i 2014. Planen er å revidere arealdelen i 2026. Samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen er dei overordna styringsverktøya til kommunen. I samfunnsdelen vedtok kommunestyret at trivsel, miljø, samhald og nyskaping skal vere måla for kommunen. Det er også fastsett tre gjennomgåande perspektiv, livsmeistring, likestilling og berekraft. Samfunnsdelen legg og vekt på fire sentrale satsingsområde. Dei er lista opp under.

Heilskapleg utvikling

- Heile Herøy
- Verdiskaping
- Godt liv, heile livet
- Naturen
- Tryggleik og beredskap

Inkluderande lokalsamfunn


- Bu
- Inkludering
- Oppvekst og identitet
- Oppvekst
- Identitet

Infrastruktur

- Samferdsel
- Offentleg infrastruktur

I arealdelen har vi langsiktige strategiar for areal og korleis kommunen ønsker å bruke areala i kommunen til ulike formål. Arealbruken skal bidra til å realisere måla i samfunnsdelen. I tillegg har vi kommunedelplanar som skal bygge på føringane i kommuneplanen. Kommunedelplanane blir utarbeidde etter behov. Det kan for eksempel vere når det er behov for å konkretisere dei overordna måla i kommuneplanen.

Plansystemet i Herøy



Figur 2. Plansystemet i Herøy kommune (Kommunal- og distriktsdepartementet).

3.1 Evaluering av førre planstrategi

I førre planstrategi blei det sagt at desse planane skulle reviderast, rullerast, startast opp eller ferdigstillast i løpet av planperioden:

- Kommunepanen sin arealdel
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Kommunedelplan for kulturminne
- Kommunedelplan for avlaup
- Kommunedelplan for hamn
- Kommunedelplan for bustadpolitikk
- Kommunedelplan landbruksplan
- Kystsoneplan
- Tverrfagleg plan
- Frivilligplan
- Heilskapleg ROS
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Eldreplan
- Beredskapsplan

Planane over vart ikkje reviderte, rullerte, starta opp eller ferdigstilte i løpet av førre planperiode. Dei blir derfor ført vidare i denne valperioden. Sjå meir informasjon i kapittel 5 (Planoversikt).

Dei fylgjande planane vart reviderte, starta opp, ferdigstilte eller oppdatert i førre planperiode:

- Kommunepanen sin samfunnsdel
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Kommunedelplan for klima
- Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling
- Kommunedelplan for trafikktrygging
- Alkoholpolitisk handlingsplan
- Pandemiplan
- Strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan
- Plan mot vald i nære relasjonar
- Plan for habilitering og rehabilitering og legeplan

4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringar i Herøy kommune

Sett i den store samanhengen, skil vi oss ikkje mykje ifrå dei andre kommunane i landet. Dei aller fleste kommunane i landet står overfor ei eldrebølgje og mindre tilgang på arbeidskraft. Det er tronge økonomiske tider, ikkje berre for oss, men for veldig mange andre kommunar òg. Dei små tettstadane slit med låg befolkningsvekst, det gjeld også Herøy og mange fleire kommunar. Vi har store mål å nå når det gjeld klima, men små ressursar til å jobbe med det. Det er krig, og vi må ta imot fleire flyktingar, samstundes som vi allereie har knappe ressursar elles i kommunen.

Digitaliseringa er ein av dei store internasjonale trendane som påverkar oss. Dette medfører nye måtar å arbeide på, nye tenester og vi treng ny kompetse for å møte utviklinga. Andre internasjonale trendar er globalisering og auka samhandling, krig og flyktingkriser, endringar i globale verdikjeder og høgare handelskostnader. Pandemien har redusert aktivitetsnivået i lokalsamfunna, folk har fått nye vanar, og den har påverka økonomien. Urbaniseringa gjer at fleire vel å flytte til større byar, og vekk frå små tettstadar. Derfor er det viktig å skape attraktive tettstadar for å få folk tilbake til tettstadane.

Før vi byrja arbeidet med denne planstrategien, utarbeidde vi eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Det gjorde vi for å kartlegge utfordringane i Herøy kommune. Kunnskapsgrunnlaget er ei samling av statistikk, utviklingstrekk, tal og fakta som seier noko om korleis situasjonen er i kommunen. Kunnskapsgrunnlaget gir oversikt over utviklingstrekk i kommunen innan tema som folketal, busetting, utdanning, folkehelse og klima. Statistikk er nyttig for å teikne eit utfordringsbilete for kommunen, og eit samla kunnskapsgrunnlag er nyttig når vi skal diskutere utfordringar og moglegheiter. Kjeldene vi har nytta i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er blant anna planane våre i kommunen, folkehelseoversikta vår, ungdatabasundersøkinga, oppvekstprofilen til kommunen, Statistisk sentralbyrå og fylkesstatistikken frå fylkeskommunen.

Folkehelseoversikta for 2024–2028 blir for tida revidert, arbeidet har gått føre seg parallelt med planstrategiarbeidet. Det har vore godt samarbeid mellom samfunnsplanleggaren og folkehelsekoordinatoren, og folkehelseoversikta har gitt eit godt grunnlag for arbeidet med planstrategien.

4.1 Demografisk utvikling i Herøy kommune

Dette kapitlet tek føre seg dei fylgjande berekraftsmåla:




Det er venta at folketalet i Herøy vil gå moderat nedover framover. Talet på eldre (80+) vil auke jamt til over 900 personar i 2040 – frå om lag 490 i dag. Samstundes vil talet på barn og unge gå nedover. Sjølv om mange eldre er friske lenger, vil talet på eldre skape behov for fleire tenester. Talet på personar som bur åleine aukar mest i aldersgruppa 45+. Det er ei ujamn kjønnsfordeling i kommunen, med fleire menn enn kvinner (Folkehelseoversikt, 2024).

1. kvartal i 2024 var det 9012 innbyggjarar i Herøy kommune (SSB, 2024). Om vi reknar inn tala på fødde, døde, til- og fråflytta hadde Herøy i 2023 ein vekst i befolkninga på 18 personar (Kommuneprofilen, 2024). Det er likevel forventa ein nedgang i befolkninga. Fylkeskommunen anslår eit folketal i 2030 på 8456 personar og i 2050 på 8171 personar i Herøy. 27 prosent av befolkninga i kommunen er over 60 år, det er 3 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Den aldrande delen av befolkninga er altså større i Herøy enn i landet sett under eitt (SSB, 2024).

Befolkningsutviklinga i Herøy

Befolkningsutviklinga 2008-2023



Figur 3. Befolkningsutviklinga 2008-2023 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).

I figuren over kan vi sjå folketalsutviklinga i Herøy kommune frå 2008 til 2023, fordelt på innvandrarbefolkninga og befolkninga elles. Her ser vi tydeleg at innvandrarbefolkninga er med på å gi oss vekst i folketalet. Den desidert største delen av innvandringa til kommunen kjem frå Europa. I 2023 hadde kommunen flest innvandrarakar frå Litauen, med 330 personar, deretter frå Ukraina med 185 personar, etterfylt av 183 personar frå Polen. Vi hadde elles 63 personar frå Syria, 29 frå Eritrea, 26 frå Tyskland, og nokre få frå Sverige, Irak og Somalia (SSB, 2023).

Viss vi ser på korleis dei ulike aldersgruppene vil utvikle seg, blir det lettare å sjå kva utfordringar kommunen står overfor. For å møte utviklinga med nedgang i folketalet og ei aldrende befolkning, må vi planlegge godt. Framskrivinga nedanfor seier også noko om kor mange barn og unge vi kan vente dei neste åra. Desse tala er gode verktøy å ta med i planlegginga dersom ny skule skal byggast.


Folketal fordelt på aldersgrupper

	2023	2030	2040	Endring 2023-2040
0-5 år	539	532	503	-36
6-15 år	1073	965	934	-139
16-19 år	451	423	377	-74
20-66 år	5100	4958	4603	-497
67 år eller eldre	1705	1988	2342	637
Totalt	8868	8866	8759	-109

Tabell 1. Framskriven folkemengd (SSB-tabell 11668)

Kommunen har ei ujamn kjønnsfordeling. I 2023 var det 284 fleire menn enn kvinner i kommunen, og forskjellen er størst i dei yngre aldersgruppene. Dette skuldast gjerne at yngre kvinner reiser ut for å studere, og ikkje kjem tilbake til kommunen.

Folketalsutvikling i Herøy kommune



Figur 4. Folketalsutvikling i Herøy kommune, (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023)


I figur 4 kan vi sjå kvar det har vore vekst, nedgang eller inga endring i folketalsutviklinga i kommunen. Eggesbønes, som er den mest folketette plassen i kommunen, har hatt den største nedgangen i talet på personar. Leinebygda har hatt den største auken. I fylkesstatistikken frå 2022 til 2023 hadde Herøy kommune ein vekst på mellom +0,5 til +1,4 prosent, og blir deretter rekna som ei kommune med noko vekst (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).

Grunnkrets	Folketal			
	2018	2023	Endring frå 2018	Endring frå 2022
Aurvåg	163	172	9	-4
Austre Moltustranda	152	164	12	7
Bø	243	207	-36	-8
Dragsund	498	511	13	20
Eggesbønes	1173	1035	-138	-5
Elsebø	637	647	10	10
Flusund	285	304	19	24
Fosnavåg sentrum	256	245	-11	21
Frøystad	559	541	-18	-5
Gjertnes	37	56	19	8
Igesund	515	528	13	-8
Jøsok	208	204	-4	11
Kopparstad	116	91	-25	-5
Kvalsund	529	540	11	-4
Kvalsvik	226	211	-15	-6
Leikong	389	402	13	1
Leinebygda	509	592	83	27
Moltustranda sentrum	412	381	-31	-2
Myklebustvatnet	256	267	11	3
Nørvåg	80	118	38	5
Remøy	196	217	21	3
Runde	108	108	0	5
Skorpa	0	0	0	0
Stokksund	482	442	-40	-16
Straumane	262	263	1	4
Sævik	129	113	-16	-5
Tjørvåg	204	202	-2	3
Voldsund	154	148	-6	-4
Øvre Fosnavåg	170	127	-43	0

Figur 4. Folketalsutvikling i Herøy kommune, (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023)

Vi kan sjå i figuren under at vi har hatt ein auke i talet på åleinebuande i kommunen. Det er vanleg å bu åleine i starten og slutten av vaksenlivet. Men dei siste åra har talet på åleinebuande auka mest i aldersgruppa 45+. Det kan tyde på at fleire opplever samlivsbrot (Folkehelseoversikt, 2024). Åleinebuande blir rekna for å vere ei potensielt utsett gruppe når det gjeld helse, økonomi og sosial støtte. Blant åleinebuande er det også fleire som slit med psykiske plagar, samanlikna med dei som ikkje bur åleine (FHI, 2023). Det er stadig viktigare å førebygge einsemd. Det kan vi mellom anna gjere ved å vere meir opne og skape fleire møtestader på tvers av generasjonar og kulturar.

Hushald etter type



Figur 5. Hushald etter type (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).

For å imøtekomme innbyggjarane sine behov for bustader, er det viktig at kommunen har oversikt over kva bustadar og hushald vi har. Auken i talet på åleinebuande kan påverke kva bustadtypar desse personane har behov for. Samstundes er det viktig å ta omsyn til bustadmarknaden og sjå kva type bustadar innbyggjarane etterspør. Ønsker vi at yngre par i etableringsfasen skal flytte til kommunen, er det viktig å legge til rette for det ved å bygge ut og selje bustadtomter.

Det har kome ei ny lov om ansvaret kommunane har på det bustadsosiale feltet. §5 i lova seier at planstrategien i ein kommune skal bygge på ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vanskelegstilte betyr her personar som ikkje kan varetake interesse- ne sine på bustadmarknaden, og som treng hjelp til å skaffe eller behalde eigna bustad. Det kan vere personar med økonomiske, sosiale, eller helse- og omsorgs- relaterte utfordringar.

I Herøy kommune blir omsorgsbustadar tildelte i bustadmøte. I desse møta deltek konsulent og avdelingsleiar ved avdeling for tenestekoordinering, rettleiar ved Nav og bustadkonsulent ved eigedomsavdelinga. Kommunen tildeler bustader ut frå ei vurdering av om søkjaren kan reknast som vanskelegstilt på bustadmarkna- den i forhold til om dei treng spesielle tilpassingar knytt til alder, funksjonsnivå el- ler av andre årsaker. Kommunen tildeler ut frå ledig kapasitet og søkjar sitt behov. Kommunen har per i dag 103 omsorgsbustadar. Funksjonen, bemann- ninga og tilboda i bustadane varierer, og det er ein del av vurderinga når vi til- deler. Kommunen har i tillegg to møblerte bustadar som er meint for korttidsleige etter opphald på sjukehus/korttids plass, til dømes for rehabilitering før heimreise eller til anna bustad er vurdert.

Per 9. april 2024 var det 12 ubehandla søknadar om omsorgsbustad, og 4 ledige omsorgsbustader då enkelte av bustadane ikkje dekkjer behovet til dei som har søkt. Kommunen ser eit auka behov for ROP-bustadar (bustadar for rus og psykiatri), og leilegheiter for eldre som kan klare seg lenger heime ved å ha alt på ei flate.

Hovudutfordringar

- Vi står overfor ei framtid med nedgang i folketalet og ei aldrande befolkning.
- Talet på åleinebuande aukar.
- Det er ei ujamn kjønnsfordeling i kommunen.
- Vi har no ein liten auke i folketalet i kommunen, denne auken er det inn- vandrarbefolkninga som står for.
- Framskrivingar viser at talet på barn og unge går nedover, men dette tek ikkje høgde for at flyktingar kjem og tek med seg barn til kommunen.

Planar som skal møte utfordringane

Eldreplan (ferdig i 2024) og Helse- og omsorgsplan (frå 2019)

Planane legg mellom anna føringar for ei framtid med fleire eldre, førebygging av einsemd, og fleire møtestader for eldre. Planane tek og føre seg korleis vi skal legge til rette for at eldre kan bu lenger heime.

*Temaplan for psykisk helse og rus
Førebyggande plan*

Dei tek også føre seg auken i talet på åleinebuande, og utfordringane det kan medføre som einsemd og eventuelle psykiske plager. Helsestasjonen legg også opp til foreldrestøttande tiltak, og kommunen har fått familierapeut som kan vere eit førebyggande tiltak for å hindre samlivsbrot, og dermed redusere talet på åleinebuande.

Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum (ferdig i 2024)

Planen tek føre seg arbeidet med byutvikling og legg til rette for fleire møtestadar på tvers av generasjonar og kulturar. Det kan vere med på å førebygge einsemd. Byutviklinga er viktig for å gjere kommunen attraktiv for fastbuande, tilflyttarar og turistar. Planen kan gi positive ringverknader når det gjeld den ujamne kjønnsbalansen i kommunen, for eit attraktivt sentrum med gode tilbod kan vere med på å trekke fleire kvinner til kommunen.

Skulebruksplan

Framskrivingar viser at tala på barn og unge går nedover, og den pressa kommuneøkonomien gjer det nødvendig å sjå på korleis den framtidige skulestrukturen i kommunen skal vere.

Kommunen må også legge til rette for at barn og barnefamiliar skal trivast i kommunen, samt legge til rette for barn si helse. Eit viktig tiltak for å sikre barn si helse er å leggje til rett for fysisk aktivitet. Dette kan kommunen gjere ved god tilgang til nærturområde, leikeplasskrav i plan og byggesaksbehandling, god tilgang til idrettsanlegg, samt sikre trygg skuleveg. Barn og unge sin rett til å ta del i planprosessar skal sikrast gjennom medverknad.

4.2 Næringsliv og kompetanse

Dette kapitlet tek føre seg dei fylgjande berekraftsmåla:




Herøy kommune er ein fiskeri- og offshorekommune med lange tradisjonar. Kommunen er del av den maritime klynga og er rekna som eit nasjonalt tyngdepunkt innan det maritime (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2024). Dei enorme ressursane i det fiskerike havet har alltid gitt grunnlag for busetnad, vekst og utvikling. Båten har vore og er framleis ein sentral del av livet til dei omtrent 9000 innbygarane. Ein stor del av Norges fiskeri- og offshorearlag har adresse i kommunen (Herøy kommune, 2023).

Ifylgje samfunnsdelen til Herøy kommune tek kommunen sin visjon utgangspunkt i båten: “Herøy – ei båtlengd føre”. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Næringslivet i kommunen er på enkelte område leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen gjeld for organisasjonen og kommunen som heilskap, og seier at kommunen skal vere offensiv og forankra i det marine og maritime. Mandatet til kommunen er at “Herøy kommune skal vere ei attraktiv kommune å besøke, bu og arbeide i”. Kommunen kan ikkje nå mandatet på eiga hand, det skjer i samarbeid med næringslivet, andre styresmakter, forskning og utdanning og frivillige organisasjonar.

I Herøy kommune er det 67 prosent sysselsette, her ligg vi ein prosent over landsgjennomsnittet. 32,6 prosent av befolkninga var utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak i 2022, dette skil oss ikkje mykje frå resten av fylket. Møre og Romsdal hadde i 2022 ni kommunar som hadde arbeidsplassdekning på over 100 prosent, Herøy var ei av dei. Kommunen har få sysselsette i statsforvaltninga

(0,8 prosent), men det er også 20 andre kommunar i fylket som har under 4 prosent sysselsette i statsforvaltinga (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023). Figuren under viser talet på arbeidsledige i Herøy per måned for ulike år. Den store auken i arbeidsledige i starten av 2020 skuldast koronapandemien.

Tal på arbeidsledige



Figur 6. Tal på arbeidsledige (Kommuneprofilen, 2024).

I 2023 var det registrert 1055 bedrifter i Herøy, 159 fleire enn for ti år sidan. Den største auken har vore innan bedrifter utan tilsette, der har vi no 674 bedrifter. Elles har kommunen blant anna ti bedrifter som har over 100 tilsette. I Herøy er det størst utpendling til Ulstein kommune, og vi har størst innpendling frå Sande kommune.


Kommunen hadde 62 jordbruksbedrifter og 410 landbrukseigedomar i 2022, det er ingen store endringar her dei siste ti åra. Vi ser derimot ein auke i talet på sauebruk siste seks åra, og ein nedgang i talet på mjølkebruk. Talet på verpehøner har også blitt kraftig redusert, dette skuldast at ein større eggprodusent har lagt ned.

Kommunen har ni grunnskular med til saman 1054 elevar. Ein av skulane er

privat. Elevundersøkinga frå 7. trinn viser at elevane er fornøgde, og vi ligg litt over landsgjennomsnittet på dei fleste målingane knytte til læringsstruktur, trivsel og motivasjon. Det er få personar med lang universitets og høgskuleutdanning i kommunen (meir enn 4 år), berre 4,1 prosent av befolkninga har teke lengre høgare utdanning. Derimot er det ein auke på 10 prosent dei siste 17 åra i talet personar som tek kortare høgare utdanning. Talet på personar som berre har vidaregåande skule eller grunnskule går nedover (Kommuneprofilen, 2024).

Fleire kvinner enn menn i Herøy tek høgare utdanning, både lang og kort (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023). Sjølv om kommunen ikkje har dei beste tala for kor mange som tek høgare utdanning, ligg likevel medianinntekta til hushaldingane i kommunen over snittet for både fylket og landet (SSB, 2024). Figuren under viser utdanningsnivået i befolkninga.

Utdanningsnivået i befolkninga



Figur 7. Utdanningsnivået i befolkninga (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).

Forholdet mellom kvinner og menn i kommunen

Det er store skilnader i inntekt mellom kvinner og menn i kommunen. Kvinner si inntekt i prosent av menn si inntekt låg i 2022 på 55,4 prosent. Ein mann tente då i gjennomsnitt 702 400 kroner, medan ei kvinne tente i snitt 389 200 kroner. Forskjellen er på 313 200 kroner.

I tabellen under kan vi sjå inntektsforskjellane mellom menn og kvinner for fleire kommunar. Tabellen er utarbeidd for å gi eit betre bilete av inntektsforskjellane mellom kvinner og menn. Sjølv om det er store skilnadar, kan vi sjå i tabellen at inntekta til kvinnene ikkje er betydeleg lågare i Herøy enn i andre kommunar. Hovudårsaka til dei store inntektsforskjellane i kommunen er altså ikkje at kvinnene tener uvanleg lite, men at menn i kommunen tener uvanleg mykje. Tala i tabellen viser gjennomsnittsinntekter.

Inntektsforskjellar mellom kvinner og menn

Kommune	År	Brutto inntekt gjennomsnitt i kroner		Kvinnerens inntekt i prosent av menns inntekt
		Menn	Kvinner	
Herøy	2022	702 400	389 200	55,4
Ulstein	2022	625 600	410 700	65,7
Hareid	2022	594 000	391 300	65,9
Sande	2022	585 400	388 800	66,4
Ørsta	2022	603 300	403 400	66,9
Ålesund	2022	647 500	439 700	67,9
Møre og Romsdal	2022	620 900	423 100	68,1
Volda	2022	540 900	396 700	73,3

Tabell 2. Inntektsforskjellar mellom kvinner og menn (Kommuneprofilen, 2024).

Den siste kolonnen i viser kvinners inntekt i prosent av menns inntekt. Her er det store skilnadar mellom Herøy, som ligg på 55,4 prosent og er den kommunen som kjem dårlegast ut, og Volda, som kjem best ut med 73,3 prosent. Skilnaden her er stor i prosent, men kronebeløpa viser at kvinnene i Volda tener bere 7 500 kroner meir i året enn kvinnene i Herøy. Ser vi derimot på tala for mennene, ser vi at menn i Herøy tenar i snitt 161 500 meir enn menn i Volda. Det gjer altså at vi får eit stort avvik i prosent. Det at fleire kvinner i Herøy jobbar deltid, vil også gi utslag i inntektsforskjellane.

Om lag halvparten av kvinnene i kommunen jobbar deltid, og tala på kvinner og menn som jobbar deltid har store skilnader. Likevel skil ikkje Herøy seg betydeleg ut ifrå dei fleste andre kommunane i nærleiken. Kommunen ligg likevel over snittet for fylket og landet når det kjem til sysselsette kvinner som arbeider deltid. Sidan 2018 har tala for deltidsarbeidande kvinner gått noko nedover i kommunen. Tabellen under viser tal for kvinner og menn som jobbar deltid i prosent, for ulike kommunar, for heile landet, og for Møre og Romsdal.

Prosentdel sysselsette menn og kvinner som jobbar deltid

Kommune	Menn	Kvinner
Vanylven	15,0	55,8
Herøy	13,4	47,7
Volda	21,7	47,5
Sande	12,6	45,9
Ørsta	14,8	45,0
Hareid	12,9	43,1
Ulstein	11,7	37,7
Heile landet	16,3	35,4
Møre og Romsdal	14,7	40,1

Tabell 3. Indikatorer for kjønnslikestilling: Andel sysselsatte menn og kvinner som jobber deltid (SSB tabel 09293).

Hovudutfordringar

- Kommunen har få statlege arbeidsplassar.
- Næringslivet har høg risiko for konjunktursvingingar.
- Herøy har ein handelslekkasje i bu- og arbeidsmarknadsregionen på 14 prosent.
- Herøy er nettoimportør av konsumvarer, noko som gir handelsunderskot i detaljhandelen.
- Bere 4,1 prosent av befolkninga har lang høgare utdanning, kommunen ligg under landsgjennomsnittet.
- Det er store skilnadar i inntektene mellom kvinner og menn, og om lag halvparten av kvinnene i Herøy arbeider deltid.

Planar som skal møte utfordringane

Kommunedelplan Myrvåg Dragsund

Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling

Planane vil kunne legge til rette for fleire arbeidsplassar og næringsutvikling i kommunen. Det vil vere positivt for eit næringsliv med høg risiko for konjunktursvingingar, og kan gi føringar for korleis vi skal jobbe for å redusere handelsunderskot. Planane kan og vere med og løyse utfordringa vi har med få statlege arbeidsplassar.

Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum

Planen set i gang arbeidet med byutvikling for å gjere kommunen attraktiv for tilflyttarar, men også for buande og turisme. Byutviklingsarbeidet vil vere positivt for næringslivet, og legg føringar for kva utfordringar vi må ta tak i. Målet må vere å redusere handelslekkasje.

Strategisk kompetanseplan

Herøyskulen 2023-2028 Strategiplan for kvalitet i grunnskulen

Plan for arbeid med trygt og godt læringsmiljø

Kompetanseplan

Planane legg til rette for å styrke utdanninga i kommunen, og legg føringar for å rekruttere utdanna arbeidskraft. Planane legg òg til rette for å etterutdanne dei tilsette.

Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling

Ved revidering av kommunedelplan for strategisk næringsutvikling bør utfordringa med ulikheitene mellom kvinner og menn i kommunen takast opp. Dette er ei kompleks utfordring som kommunen og næringslivet må samarbeide om å møte.

4.3 Areal, miljø og klima

Dette kapitlet tek føre seg dei fylgjande berekraftsmåla:



I Herøy består jordbruksareala av 7665 dekar, noko som utgjer 6,5 prosent av kommunen sitt landareal. Av dette er 3,2 prosent fulldyrka jord, 1,2 prosent overflatedyrka og 2,1 prosent innmarksbeite. Kommunen har 13062 dekar skog, der 6,8 prosent er produktiv skog og 4,2 prosent uproduktiv skog. 7420 dekar eller 6,2 prosent av landarealet er teke i bruk som busetnad eller samferdsel og 91175 dekar er rekna som anna markslag. Av anna markslag har vi 70,3 prosent open fastmark, 4,6 prosent myr (open eller med skog) og 1,5 prosent ferskvatn. 111 dekar eller 0,1 prosent av kommunen sitt areal er ikkje kartlagd (NIBIO, 2024).

3891 dekar er kartlagd som dyrkbar jord i Herøy, altså areal som kan dyrkast opp til å bli fulldyrka jord. 56,8 prosent av areala som kan dyrkast opp i kommunen i dag er registrerte som open fastmark. Kor godt eigna den dyrkbare jorda er for matproduksjon, er mellom anna avhengig av klima. 40 prosent av jorda som kan dyrkast opp ligg i sone 3, godt eigna for fordyrking (NIBIO, 2024). Vi har ikkje jord som ligg i sone 1 eller 2, dette gjer at vi må verne om den jorda vi har som kan brukast til dyrking. Det er viktig å unngå utbygging av dyrka mark, matjord og myr, og dette blir enda viktigare i framtida på grunn av klimaendringane. Dette har både med beredskap og matsikkerheit å gjere.

I Herøy har vi sju naturvernområde. Fem av dei er naturreservat, som er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova. Desse områda inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, har ein særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst, eller har særskilt naturvitskapeleg verdi (Miljødirektoratet, 2024).

Kommunen har også ei rekkje kulturminne og kulturmiljø med nasjonal eller regional verdi.

Naturvernområda i Herøy er:

- Goksøyrryrane naturreservat (verneplan for myr)
- Muleneset naturreservat (verneplan for sjøfugl)
- Svinøya naturreservat (verneplan for sjøfugl)
- Myklebustvatnet naturreservat (verneplan for våtmark)
- Tjørvågosen naturreservat (ikkje vurdert)

- Runde dyrefredningsområde (annet vern)
- Stokksund – Blikkvågane dyrefredningsområde (annet vern)



Figur 8. Key Performance Indicators (United 4 Smart Sustainable Cities, 2021).



Figuren over viser korleis Herøy kommune ligg an når det gjeld å nå FN sine berekraftsmål. Den indikatoren vi må jobbe mest med, er økonomi. Her treng vi å forbetre transport, innovasjon, sysselsetting, offentlege bygningar og byplanlegging.

I forhold til transport må vi få fleire gang- og sykkelveggar og eit betre kollektivtilbod, og vi må tenke nytt når det kjem til bysyklar og bildeling. Under innovasjon kjem det fram at kommunen har ei låg prosentdel små og mellomstore bedrifter, noko som tilseier lite innovasjon. Det er òg registrert få patent i forhold til talet på innbyggjarar.


Når det kjem til sysselsetting, er arbeidsløysa høg, særleg blant ungdom. Det er også få personar som jobbar med IT. Ingen av dei kommunale bygningane er sertifiserte i tråd med internasjonale standardar for berekraft, og kommunen har ikkje sentral driftsovervaking på bygningsmassen. Når det gjeld byplanlegging er viktige prinsipp for berekraft i liten grad lagd til grunn. Vi har også få byrom som berre er for gåande. Kommunen manglar også data for digital overvaking av overvatn slike data vil bli svært viktige i tida som kjem med aukande klimaendringar. Overvatn er vatn som renn på overflata som fylje av regn og smeltvatn, og er ei av dei største klimautfordringane vi kjem til å stå overfor i kommunen.

I kategorien miljø kjem det fram at vi manglar data knytte til vatn og sanitær, dette er noko kommunen må få på plass. Kommunen kjem dårleg ut på energi fordi det samla forbruket i offentlege bygningar er for høgt.

I kategorien samfunn ligg indikatoren som kommunen scorar aller dårlegast på, nemleg kulturarv. Utgiftene til bevaring av kulturmiljø er låge. Det skuldast nok at kulturarv i Noreg er i hovudsak statleg ansvar. Det er heller ikkje mogleg å finne tal for kva ressursar som er nytta i Herøy, verken frå statleg eller fylkeskommunalt nivå. I Herøy har vi mykje kulturarv som det er viktig å løfte fram og bygge vidare på.

Herøy kommune har ei utfordring med sosial ulikskap. I hovudsak er den ujamne fordelinga av inntekt mellom kjønna det mest bekymringsfulle her. I snitt tener kvinner i Herøy berre halvparten av det menn tener. Den relative fattigdomen er også stor samanlikna med gjennomsnittsinntekta i kommunen. Heile 9,9 prosent av hushaldingane i Herøy har ei inntekt som er 50 prosent eller mindre av medianinntekta i kommunen. Kommunen manglar data for matsikkerheit. Dette er eit tema som det står mykje om i dei nasjonale forventningane, so her har vi eit stort forbettringspotensial.

Sektorfordelte utslepp per år for Herøy kommune



Figur 9. Sektorfordelte utslepp per år for Herøy kommune (Miljødirektoratet, 2023).

Figuren over viser utsleppa vi har i kommunen, fordelt på ulike sektorar. Dei største utsleppa er knytte til sjøfarten. Heile 81,8 prosent av utsleppa vi har i kommunen er knytte til denne sektoren. For å møte klimautfordringane må vi legge inn ein stor innsats for å redusere utsleppa knytte til sjøfarten. Statsforvaltaren seier at to tredelar av berekraftsmåla må løysast i lokalsamfunna. Kommunane er derfor navet i berekraftsarbeidet, då dei står nærast innbyggjarane, bedriftene og organisasjonane (Statsforvaltaren, 2024).

I Herøy kommune er det ikkje kommunale vassverk, dette gjer at det er viktig at kommunen og dei private vassverka samarbeidar godt, og til ei kvar tid har samordna og oppdaterte planar for beredskap om drikkevattforsyninga. Dei nasjonale måla for vatn og helse legg føringar for at alle innbyggjarar i Herøy skal få godt og nok vatn til ei kvar tid. (Regjeringen, 2024). Dersom det skal byggjast nye bustader eller fritidsbustader, er det eit godt prinsipp at desse etablerast i tilknytning til eksisterande infrastruktur for vatn og avlaup.

Både heilskapleg ROS og beredskapsplan er planlagd revidert i 2024, dette er viktige planar å revidere. Heilskapleg ROS bør ligge til grunn for revidering av kommuneplanen sin arealdel då kunnskap om nye risiko- og sårbarheitsforhold eller andre forhold som det tidlegare ikkje har vore tilstrekkeleg kunnskap om kan kome revideringa av arealdelen til gode (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2018).

Herøy kommune bør ved revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel skissere ei retning på korleis samfunnet skal tilpasse seg naturfare på lang sikt og i eit endra klima. Vassdrag er viktige transportårer for drenering av vatn tilbake til havet, både i periodar med tørke, og ved flaum. Klimaendringane og den auka fara for kraftig nedbør gjer det viktigare enn nokon gong å sikre ei heilskapleg forvaltning av nedbørsfelta gjennom planlegging. Ein bør ha som mål å unngå utfylling i vassdrag, redusere nedbygging av vassdragsnatur, og å restaurere vassdrag spesielt ved opning av elver og bekkar vil vere positivt.

Hovudutfordringar

- Herøy kommune har størst utslepp knytt til sjøfart. Vi har også generelt ei utfordring med overgangen til eit lågutsleppsamfunn med dei klimakrava som no gjeld.
- Kommunen har store utfordringar knytte til kommuneøkonomien.
- Ingen av dei kommunale bygningane er sertifiserte i tråd med internasjonale standardar for berekraft. Det samla forbruket i offentlege bygningar er for høgt.
- Næringslivet får ikkje tilgang til kompetansen dei treng.
- Kommunen har lite næringsareal tilgjengeleg.
- Det er teke lite omsyn til berekraft i byplanlegginga og vi har få byrom berre for mjuke trafikantar.
- Kommunen jobbar for lite med kulturarv.
- Kommunen manglar data for matsikkerheit.
- Kommunen har få ladepunkt for el-bilar.

Planar som skal møte utfordringane

Kommunedelplan for klima

Denne planen tek føre seg utslepp i kommunen, den maritime sektoren må også omstille seg for å nå klimamåla og redusere utsleppa i næringa. Planen tek òg føre seg korleis vi skal jobbe for å få meir klimavenlege bygg, og korleis vi skal få ned forbruket. Det er strengare krav og mykje vi må ta tak i for å tilpasse oss til eit lågutsleppsamfunn. Den tronge kommuneøkonomien gjer arbeidet vanskeleg.

Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum

Planen vil vareta berekrafta i byplanlegginga og skape byrom for gåande.

Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling

Kommuneplanens arealdel

Desse planane legg føringar for korleis vi kan jobbe for å gjere kommunen attraktiv for næringsdrivande og sikre næringsareal.

Kommunedelplan for kulturminne

Planen er under arbeid og vil ta føre seg kulturminne og kulturarv.


Kommunedelplan for landbruk

Forvaltningsplan for hjort

Desse planane blir reviderte for å ta føre seg matsikkerheit. Den reviderte arealdelen i kommuneplanen vil legge til rette for å bevare matjord. Samfunnsplanleggaren i kommunen vil jobbe med klima, berekraft og klimarekneskap/budsjett for å redusere kommunen sine utslepp.

Utviklingsplan for Fosnavåg

Planen vil ta føre seg utfordringa med at det er få ladepunkt i sentrum. Etter kvart vil kommunen utarbeide ein ladestrategi.



4.4 Levekår og folkehelse

Dette kapitlet tek føre seg dei fylgjande berekraftsmåla:



Levekår handlar om alt frå helse, sysselsetting, arbeidsvilkår, økonomiske ressursar, utdanningsmoglegheiter, familie og sosiale relasjonar, til bustad og nærmiljø og kultur. Gode levekår er viktige for helse og livskvalitet.

Det er færre som har høgskule- eller universitetsutdanning i Herøy samanlikna med gjennomsnittet i landet. Likevel har fleirtalet av innbyggjarane gode levekår, og talet på fattige barnefamiliar har vore relativt uendra dei siste åra. Utdanning er ikkje ein garanti mot arbeidsløyse og fattigdom. Men dei med låg utdanning har ofte størst vanskar på arbeidsmarknaden. Eineførsørgjarar er gjerne meir utsette for fattigdom. Inntekt og økonomi har mykje å seie for helsa, og levekåra påverkar motivasjonen og evna folk har til å halde oppe helsebringande levevanar. I tillegg har det å vekse opp i familiar som over tid har låginntekt, mykje å seie for barna si helse og livskvaliteten deira (Folkehelseoversikt, 2024).

Folkehelseoversikta viser at psykiske helseplager er mellom dei største folkehelseutfordringane i Noreg. Når vi snakkar om psykisk helse, skil vi mellom psykiske plager og psykiske lidingar. Målt etter bruken av primærtjenesta og legemiddel, ser det ut til at psykiske symptom og lidingar har auka i Herøy dei siste åra. Tala er ikkje spesielt høge når vi samanliknar med landsgjennomsnittet, men psykiske helseplager gir likevel store utfordringar og konsekvensar både for den einskilde og samfunnet.

Overvekt og fedme ser ut til å vere meir vanleg i Herøy enn elles i landet. Det kan påverke utfordringsbiletet til kommunen i framtida. Overvekt og fedme gir auka

risiko for ei rekke sjukdomar, som type 2-diabetes, hjarte- og karsjukdommar, enkelte kreftsjukdommar og alvorlege psykiske sjukdomar (Folkehelseoversikt, 2024). Prosentdelen 17-åringar som oppgjer at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka, er høgare i Herøy enn snittet for landet, vurdert etter resultat frå nettbasert sesjon 1 for gutar og jenter (FHI, 2024).


I folkehelseoversikta ser vi at mange har muskel- og skjelettplager i Herøy. Førekosten aukar med alderen, og kvinner er meir utsette enn menn. I Noreg er dette den vanlegaste årsaka til sjukefråvær. Mange muskel- og skjelettsjukdommar har samanheng med aukande alder, stillesitjande livsstil og til dels også overvekt. Muskel- og skjelettsjukdommar er meir vanlege ved låg sosioøkonomisk status.

Forventa levealder gir oss informasjon om helsetilstanden i befolkninga. Dei siste 30 åra har alle grupper i samfunnet fått betre helse, men helsegevinsten er størst for gruppa med lang utdanning og høg inntekt. Den forventa levealderen er høgare i Herøy enn i landet både for kvinner og menn. Forventa levealder for menn i Noreg er 80,1 år, i Herøy er den 80,3 år. For kvinner i Noreg er forventa levealder 83,9 år, i Herøy 85,7 år (Folkehelseoversikt, 2024).

Vedvarande låginntekt er ein vanleg måte å definere fattigdom på. 8,9 prosent av innbyggjarane i Herøy lever i ein husstand med vedvarande låginntekt. Dette inkluderer cirka 153 barn. Prosentdelen av barn som veks opp i fattigdom er likevel lågare i Herøy enn i landet sett under eitt (Herøy kommune, 2024). Vedvarande låginntekt vil seie at eit hushald i snitt har tent under 60 prosent av medianinntekta (Kommunehelsa statistikkbank, 2019–2021).

Figuren under viser talet på brukarar av heimetenester i Herøy dei siste fire åra. I 2022 var dei fleste brukarane i aldersgruppa 0–66 år, med om lag 210 brukarar, mot litt over 150 brukarar i gruppa 80 år og eldre. Institusjonstenester og aktiviserings- og servicetenester har flest brukarar i aldersgruppa 80 år og eldre. Desse tala kan gi oss eit bilete av kva tenester vi kjem til å trenge meir kapasitet på i åra framover med den venta eldrebølgja.

Heimetenester



Figur 10. Omsorgstenester, heimeteneste (SSB tabell 12003).

Hovudutfordringar

- Det er meir vanleg med overvekt og fedme i Herøy enn i resten av landet.
- Prosentdelen 17-åringar som oppgjer at dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka er høgare enn landsnivået.
- Psykiske symptom og lidingar aukar.
- Mange har muskel- og skjelettplager i kommunen.
- 8,9 prosent av innbyggjarane i Herøy lever i ein husstand med vedvarande låginntekt.
- Skulane har svake resultat frå lesing på nasjonale prøver over fleire år, særleg på 5. trinn.
- Det er dårleg leveringsstabilitet på vassforsyninga.

Planar som skal møte utfordringane

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Planen er revidert i 2024 for å ta føre seg utfordringar som at ungdom trenar sjeldan, og utfordringar knytte til overvekt og fedme. Planen legg til rette for auka fysisk aktivitet.

Temaplan for psykisk helse og rus

Førebyggande plan

Planane tek opp utfordringar knytte til folkehelse, psykiske plager og utanforskap. Nav-kontoret jobbar også tett opp mot innbyggjarar som lev i låginntektsfamiliar og gjer mykje godt førebyggande arbeid både i forhold til psykisk helse og førebygging av sjukefråvær.

Leseplan

Blei til for å ta fatt i utfordringa med svake resultat frå lesing på nasjonale prøver.

Vassforsyningsplan

Planen legg til rette for at det skal bli god leveringsstabilitet på vassforsyninga i kommunen.

4.5 Kommunale tenester i Herøy kommune og organisasjon

Dei kommunale tenestene i kommunen er organisert i fire sektorar:

Sektor for helse og omsorg: Sektoren har ansvar for tenestekoordinering, pleie- og omsorgstenester, barn, familie og helse, bu og habilitering og lege-teneste.



Figur 11. *Organisasjonskart helse og omsorg (Herøy kommune, 2024)*

Sektor for samfunnsutvikling: Sektoren har ansvar for utvikling, eigedom, brann, landbruk, anlegg og drift og Herøy gard.



Figur 12. *Organisasjonskart samfunnsutvikling (Herøy kommune, 2024).*

Sektor for kultur og oppvekst: Sektoren har ansvar for barnehage, grunnskule/PPT, Herøy kulturskule, kvalifiserings-senteret og kultur.



Figur 13. *Organisasjonskart kultur og oppvekst (Herøy kommune, 2024).*

Sektor for verksemdstyring: Sektoren har ansvar for service, kommunikasjon, økonomi og HR/HMS.



Figur 14. *Organisasjonskart verksemdstyring (Herøy kommune, 2024).*

Kommunen sin økonomi

Herøy kommune er ein del av Kostragruppe 1, det vil seie dei kommunane i landet som har 2 000 til 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge korrigerede inntekter. Herøy sine brutto driftsinntekter per innbyggjar var i 2023 på 93 672 kroner. Berre 26 kommunar i Norge har lågare brutto driftsinntekter enn oss.

fordelt arbeidsgjevaravgift) er på 91 prosent av landsgjennomsnittet. For Herøy kommune sin del utgjør disse inntektene 64 623 kroner per innbyggjar, medan landsgjennomsnittet er på 71 140 kroner. Differansen er på 6 517 kroner per innbyggjar eller totalt 58,4 millionar kroner.

Samanliknar vi oss med dei andre kommunane i sjustjerna, er det vi som har dei lågaste inntektene per innbyggjar. Seks av dei sju kommunane ligg under landssnittet, og inntektene varierer mellom 64 623 kroner (Herøy) og 72 278 kroner (Vanylven).

Meir- /mindreforbruk i 2023

Tenesteområde	Meir-/mindreforbruk 2023 (mill. kr) samanlikna med	
	Landsgjennomsnittet	"Normert og innteksjustert nivå"
Barnehage	-7,0	9,5
Administrasjon	6,2	9,2
Landbruk	0,3	0,4
Grunnskule	3,9	12,8
Pleie og omsorg	19,2	15,0
Kommunehelse	8,7	9,4
Barnevern	-8,5	-4,3
Sosialteneste	-4,2	7,1
Sum	18,7	59,1

Tabell 4. Mer-/mindreforbruk i 2023 (Telemarksforsking, 2023).

Figuren syner kommunens driftsutgifter/ressursbruk på sentral tenesteområder. I første kolonne samanliknar ein Herøy kommune med gjennomsnittet i Norge. Her ser ein at Herøy kommune driv sine sentrale tenester 18,7 millionar kroner dyrare enn landssnittet. I andre kolonne syner ein driftsutgiftene/ressursbruken kommunen har målt mot inntektsnivået. Denne kolonnen syner at kommunen driv sine tenester 59,1 millionar kroner dyrare enn kommunen sine (korrigerede) frie inntekter.

Berekningane viser at kommunen, på dei sentrale tenesteområda som inngår i

inntektssystemet, hadde meirutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på 18,7 millionar kroner i 2023. Då er det ikkje teke omsyn til at kommunen hadde eit høgare berekna utgiftsbehov enn gjennomsnittskommunen (cirka 2 prosent i 2023), eller at kommunen hadde 9 prosent lågare inntektsnivå enn landsgjennomsnittet (tilsvarande om lag 56,1 millionar kroner i 2023).

Berekningane viser at Herøy kommune samla sett hadde meirutgifter på 59,1 millionar kroner i forhold til kommunen sine normerte og inntektsjusterte nivå i 2023. Den utfordrande kommuneøkonomien legg også føringar for kommunen sine andre planar, det kan bli færre ressursar til planarbeid, då ressursane må brukast til anna arbeid. Dette kan gje forseinking i revidering av planar, og derfor må kommunen ikkje vere for ambisiøse når det kjem til revidering av planar. Enkelte planar, som til dømes ein plan for framtidig skulestruktur blir starta opp for å prøve å betre kommuneøkonomien. Tiltak i handlingsprogram kan bli utsett eller sett på vent då økonomien ikkje strekk til for å gjennomføre tiltaka. Det er viktig at kommunen planlegg berekraftig og langsiktig i håp om å betre kommuneøkonomien.

Hovudutfordringar

- Kommunen har store økonomiske utfordringar.
- Kommunen står overfor komplekse utfordringar knytte til klimaendringar.
- Kommunen må tilpasse seg digitaliseringa og KI (kunstig intelligens).
- Kommunen vil få utfordringar med rekruttering, ikkje minst på grunn av eldrebølga.

Planar som skal møte utfordringane

Økonomi- og handlingsplan

Planane tek føre seg utfordringar knytte til kommuneøkonomien.

Beredskapsplan

Heilskapleg ROS

Kommunedelplan for klima

Desse planane legg føringar for korleis kommunen skal varetake sikkerheita i kommunen i lys av blant anna klimaendringane.

Digitaliserings-/KI-plan

Planen vil ruste kommunen til å handtere utfordringar knytte til digitalisering og KI.

Strategisk kompetanseplan for helse og omsorg

Arbeidsgivarpolitikken

Lønnspolitisk handlingsplan

Planane skal møte behovet for rekruttering ved den venta eldrebølga. Arbeidsgivarpolitikken til kommuneorganisasjonen skal vere ei felles plattform og eit styringsverktøy for å sikre felles forståing, retning og heilskapleg tilnærming om prioriteringar og felles mål. Arbeidsgivarpolitikken skal vere grunnlaget for politikarar, leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta til å utvikle tenestene for innbyggjarane. Den skal gjere roller og forventningar tydlege, og medverke til god økonomisk styring og utnytting av ressursar.

Lønnspolitisk handlingsplan må reviderast for å passe dei rammevilkår vi har i dag i forhold til å motivere til kompetanseutvikling, motivere til meir heiltidsarbeid, halde på, utvikle og rekruttere arbeidskraft, sikre kvalitet i tenestene, fremje og ivareta likestilling og inkludering.




5.0 Planoversikt

Kravet om ny planstrategi kvart fjerde år gir kommunane moglegheit til å gå gjennom planane i kommunen jamleg. Det er viktig å ha eit enkelt og oversiktleg plansystem med oppdaterte og relevante planar som er tilpassa utfordringsbiletet i kommunen.

Ein plan blir utvikla med bakgrunn i samfunnsutfordringar som må løysast, eller moglegheiter som bør nyttast på ein systematisk måte. Planbehovet i kommunen er ei oppfølging av utfordringane og moglegheitene vi ser, og måla vi har sett. Planbehovet er delt inn i

- planar som er nye
- planar som skal vidareførast slik dei ligg føre
- planar som treng ein gjennomgang og skal reviderast etter at til dømes nye lover eller krav har blitt gjeldande
- planar som er utdaterte eller ikkje lenger er gjeldande og som skal avviklast

	Nye planar		Skal vidareførast
	Skal reviderast		Skal avviklast

Styringsdokument	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Planstrategi	2024	2024-2027	Utvikling	Revidering 2024

Overordna planar	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Heilskapleg ROS	2024	2024	Kommunedirektøren	Revidering 2024
Beredskapsplan	2018	2018-d.d	Kommunedirektøren	Revidering 2024

Kommuneplan	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Samfunnsdel	2022	2022-2030	Utvikling	Vidareførast
Arealdel	2014	2018-d.d	Utvikling	Revidering 2026
Økonomi- og handlingsplan	2023	2024-2027	Kommunedirektøren	Årleg revidering

Kommunedelplan	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Kommunedelplan for Myrvåg og Dragsund			Utvikling	Oppstart 2024
Kommunedelplan for kulturminne			Utvikling	Under arbeid
Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling	2020	2020-2024	Utvikling	Revidering 2026
Kommunedelplan for landbruk			Landbruk og utvikling	Oppstart 2024
Kommunedelplan for trafikktrygging	2022	2020-2024	Anlegg og drift bistand frå utvikling	Revidering 2025
Kommunedelplan for avlaup	2016	2016-2022	Anlegg og drift	Revidering 2025
Kommunedelplan for hamn	2000		Anlegg og drift	Revidering 2026
Kommunedelplan for klima	2022	2022-2030	Eigedom og utvikling	Vidareførast
Kommunedelplan for bustadpolitikk	2015	2015-2019	Eigedom	Revidering 2026
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2024	2024-2028	Kultur og oppvekst	Vidareførast
Kommunedelplan for helse og omsorg	2019	2019-2027	Helse og Omsorg	Reviding av handlingsdelen 2024

Temaplanar	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum	2024		Utviling	Oppstart 2024
Hovudplan vassforsyning	2015	2015-2025	Anlegg og drift	Revidering 2027
Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune	2013	2013-2016	Landbruk	Revidering 2025
Strategi for investering, drift og vedlikehold av kommunale bygg	2012		Eigedom	Revidering 2024
Utviklingsplan for Herøy gard 2022-2025	2021	2022-2025	Herøy gard	Vidareførast
Alkoholpolitisk handlingsplan	2020	2020-2024	Servicetorget	Revidering 2024
Kommunikasjonsstrategi	2022		Kommunikasjon	Vidareførast
Førebyggjande plan			Helse og omsorg	Ferdigstillast 2024
Pandemiplan	2020		Helse og omsorg	Vidareførast
<i>Rusmiddelpolitisk handlingsplan</i>	2008	2008-2012	Helse og omsorg	Revidering 2025
Strategisk kompetanseplan	2021	2021-2025	Helse og omsorg	Vidareførast
Eldreplanen 2024-2028		2024-2028	Helse og omsorg	Ferdigstillast 2024
Temaplan for habilitering og rehabilitering	2020	2020-2028	Helse og omsorg	Vidareførast
Plan for legetenesta	2021	2021-2025	Helse og omsorg	Vidareførast
Temaplan for psykisk helse og rus	2022	2022-2026	Helse og omsorg	Vidareførast

Tverrfagleg plan	2018	2018-2022	Kultur og oppvekst	Avviklast Erstattast av førebyggende plan
Frivilligplan	2012	2012-2015	Kultur og oppvekst	Revidering 2024
Lokal rammeplan Barnehage	2020	2020-2024	Kultur og oppvekst	Revidering 2024
Plan for trygt og godt barnehagemiljø	2022		Kultur og oppvekst	Revidering 2025
Herøyskulen 2023-2028 Strategi for kvalitet i grunnskulen	2023		Kultur og oppvekst	Vidareførast
Plan for arbeid med trygt og godt læringsmiljø	2022		Kultur og oppvekst	Revidering 2024
Lokal rammeplan for SFO	2022	2022-2026	Kultur og oppvekst	Revidering 2026
Kompetanseplan for pedagogar i grunnskulen	2023	2023-2027	Kultur og oppvekst	Vidareførast
Lokal plan: Den kulturelle skolesekken (DKS)		2023-2024	Kultur og oppvekst	Årleg rullering
Friluftlivets ferdselsårer			Kultur og oppvekst	Oppstart 2024
IKT-strategi for kultur og oppvekst		2025-2029	Kultur og oppvekst	Oppstart våren 2025
Arbeidsgivarpolitikk i Herøy kommune	2004		Sektor verksemdstyring	Revidering 2024
Lønnspolitikk for Herøy kommune	2021		Sektor verksemdstyring	Revidering 2024
Ladestrategi for Herøy kommune			Sektor samfunnsutvikling	Oppstart 2026
Skulestrukturplan			Assisterande kommunedirektør	Oppstart 2024
KI/Digitaliseringsplan			Kommunikasjonsavdelinga	Oppstart 2024

Interkommunale planar	Vedteken	Gjeld for	Ansvar	Merknad
Kystsoneplan			Utvikling	Under arbeid
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	2021	2021-2025	Helse og omsorg	Vidareførast
Digital leseplan for grunnskulen	2023		Kultur og oppvekst	Revidering 2024

6.0 Kjelder

[FN-Sambandet. \(2024, 01. Februar\). FNs bærekraftsmål.](#)

[FN-Sambandet. \(2023, 15. September\). Samarbeid for å nå målene.](#)

[Folkehelseinstituttet. \(2024\). Folkehelseprofil 2024: Herøy \(Møre og Romsdal\).](#)

[Folkehelseinstituttet. \(2023\). Kommnehelsa statistikkbank.](#)

[Herøy kommune. \(2024\). Folkehelseoversikt: Grunnlagsdokument for kommunal planstrategi 2024-2028.](#)

[Herøy kommune. \(2022\). Klimaplan.](#)

[Herøy kommune. \(2024, 01. Februar\). Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.](#)

[Herøy kommune. \(2022, 17. Mars\). Kommuneplanen sin samfunnsdel.](#)

[Herøy kommune. \(2023, 24. Mai\). Sektor.](#)

[Herøy kommune. \(2023, 08. August\). Velkommen til øyriket ved storhavet.](#)

[Herøykommune. \(2023, 14. Desember\). Økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024: Herøy kommune.](#)

[Kommunal- og distriktsdepartementet. \(2023, 20. Juni\). Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.](#)

[Kommunal- og moderniseringsdepartementet. \(2018, Oktober\). Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling: Rundskriv H-5/18.](#)

[Kommuneprofilen. \(2024, 04. Januar\). Kommunefakta: Befolkning.](#)

[Kommuneprofilen. \(2024, 04. Januar\). Kommunefakta: Inntekt, formue, gjeld og skatt.](#)

[Lovdata. \(2024, 01. Januar\). Lov om folkehelsearbeid.](#)

[Lovdata. \(2024, 01. Januar\). Lov om planlegging og byggesaksbehandling.](#)

[Miljødirektoratet. \(2024, 04. Januar\). Naturbase kart.](#)

[Miljødirektoratet. \(2023, 18. Desember\). Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker: Herøy \(Møre og Romsdal\)](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2024). [Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2025-2028: Høyringsversjon.](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2023, Hausten). [Kommunestatistikk: Herøy kommune 2023.](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2024). [Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025-2028: Høyringsversjon.](#)

NIBIO. (2024, 26. Januar). [Arealbarometer for Herøy i Møre og Romsdal.](#)

Regjeringen. (2023, 21. Desember). [FNs bærekraftsmål.](#)

Regjeringen. (2024). [Nasjonale mål for vann og helse med gjennomføringsplan: Målsettinger og tiltak under Protokollen for vann og helse.](#)

Statistisk sentralbyrå. (2023, 4. kvartal). [Kommunefakta for Herøy kommune \(Møre og Romsdal\).](#)

Statistisk sentralbyrå. (2024, 1. kvaral). [Kommunefakta for Herøy kommune \(Møre og Romsdal\).](#)

Satsforvaltaren. (2024). Forventningsbrevet 2024: [Nasjonale forventningar til kommunane.](#)

[Telemarksforsking. \(2023\).](#)

United 4 Smart Sustainable Cities. (2021, April). [City Snapshot: Herøy, Norway.](#)

Figurliste

- Figur 1. FNs bærekraftsmål (FN, 2023).
- Figur 2. Plansystemet i Herøy kommune (Kommunal- og distriktsdepartementet).
- Figur 3. Befolkningsutviklinga 2008–2023 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).
- Figur 4. Folketalsutvikling i Herøy kommune (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).
- Figur 5. Hushald etter type (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).
- Figur 6. Antal arbeidsledige (Kommuneprofilen, 2024).
- Figur 7. Utdanningsnivået i befolkninga (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2023).
- Figur 8. Key Performance Indicators (United 4 Smart Sustainable Cities, 2021).
- Figur 9. Sektorfordelte utslepp per år for Herøy kommune (Miljødirektoratet, 2023).
- Figur 10. Omsorgstenester, Heimeteneste (SSB tabell 12003).
- Figur 11. Organisasjonskart helse og omsorg (Herøy kommune, 2024).
- Figur 12. Organisasjonskart samfunnsutvikling (Herøy kommune, 2024).
- Figur 13. Organisasjonskart kultur og oppvekst (Herøy kommune, 2024).
- Figur 14. Organisasjonskart verksemdstyring (Herøy kommune, 2024).

Tabelloversikt

- Tabell 1. Framskriven folkemengd (SSB tabell 11668).
- Tabell 2. Inntektsforskjellar mellom kvinner og menn (Kommuneprofilen, 2024).
- Tabell 3. Indikatorer for kjønnslikestilling: Andel sysselsatte menn og kvinner som jobber deltid (SSB tabel 09293).
- Tabell 4. Mer-/mindreforbruk i 2023 (Telemarksforsking, 2023).

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

